



Norconsult AS, VA-seksjonen  
Postboks 1199  
5811 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/177 - 19/12115

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:  
12.04.2019

## Rammeløyve til oppføring av midlertidig bussterminal og rundkjøring, samt permanent VA-anlegg - gbnr 188/741 mfl Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 219/19

**Tiltakshavar:** Lindås kommune  
**Ansvarleg søker:** Norconsult AS, VA-seksjonen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av midlertidig bussterminal og rundkjøring, samt permanent VA-anlegg.

Søknaden omfattar grunn- og terregnarbeid, leidningsnett, samt opparbeiding av avkøyrslle og interne vegar i forbindelse med rundkjøring og bussterminal. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket. Det vert elles vist til søknad motteken 21.01.19.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 21.01.19. Frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne.

#### Planstatus

Tiltaka ligg i regulert område innanfor reguleringsplanen *Områdeplan for Knarvik sentrum og E39 Knarvik sentrum – oval rundkjøring*. I planane er tiltaket i hovudsak regulert innafor arealformål for samferdsel og teknisk infrastruktur.

#### Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon for bussterminal og rundkjøring. Derimot er ikkje slike dispensasjoner nødvendig, ettersom det sokast om midlertidige tiltak som skal stå kortare enn to år. Kommunen kan ikkje sjå at arealplanane sett særlige forbud imot desse tiltaka, jf. plan- og bygningslova § 30-5.

#### Uttale frå anna styresmakt

Statens vegvesen har gitt positiv uttale datert 31.08.18.



Hordaland fylkeskommune har gitt positiv uttale 28.11.18. Fylkeskommunen har vidare uttale at dei ikkje er nøyde med kvalitetane på den midlertidige bussterminalen. Dette gjeld speiselt fasalitetar for passasjerar og sjåførar. Kommunen kan ikkje sjå at vi i byggesaken kan ta stilling til, eller sette krav til, fasalitetane på bussterminalen. Vi anser dette som eit privatrettsleg tilhøve.

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr. 188/78 ved epost av 06.11.18. Hovedmomentet i merknaden er at det ikkje vert tillate å leggja rør inn på eigedommen.

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknad ved epost datert 09.11.18. Ansvarleg søker opplyser at dei har justert tiltaket, slik at røra ikkje går inn på merknadshavars eigedom.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 25.10.18, 21.06.17 og 19.10.18.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Kommunen forutsettar at VA-anlegget plasserast i tråd med kommande VA-rammeplan. Eventuelle endringar i plassering som følgje av VA-rammeplan, må omsøkast.

#### **Tilkomst, avkørsle**

Ettersom både Statens vegvesen og fylkeskommunen har akseptert tiltaka, legg kommunen til grunn at tiltakshavar har dei nødvendige løye og rettigheter til å utføra tiltaka.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Tiltaksplan**

Det er sendt inn tiltaksplan for forureina massar. Tiltaksplana er ennå ikkje godkjent av kommunen, men vil bli godkjent før det gis igangsettingsløye. Godkjent tiltaksplan er ikkje nødvendig for å kunne gi rammeløye.

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6. Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7. Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **VURDERING**

##### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og først opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5. Ansvarleg søker har opplyst at dei skal prosjektera etter TEK10. Kommuna gjør oppmerksom på at det etter 01.01.19 ikkje er anledning til å benytta overgangsordninga i TEK17 § 17-2.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Privatrettslege tilhøve**

Kommunen legg til grunn at tiltakshavar sitt med dei nøvendige provatrettslege rettigheitana før han går i gang med arbeidet. Dette må bekrefastast før det gis igangsettingsløyve.

### **Nabomerknad**

Nabomerknaden i frå gnr 188/78 gikk på at han ikkje tillot at det vart lagt rør på hans eigedom.

Tiltakshavar har tilpassa seg merknaden. Vi ser derfor på merknaden som imøtekommest frå tiltakshavar, og at den derfor ikkje lengre har betydning for saka.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av midlertidig bussterminal og rundkjøring, samt permanent VA-anlegg på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 25.10.18, 21.06.17 og 19.10.18, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaka skal prosjekterast etter byggteknisk forskrift 2017 (TEK17).
3. Dei midlertidige tiltaka må fjernast innen to år i frå dette vedtaket. Dersom tiltaka skal stå lengre, må det foreligge løyve til permanente tiltak innen to år.

**Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. Godkjent tiltaksplan for hele tiltaket.
2. Stadfesting på at man har dei nødvendige rettigheitane som tiltaket krev.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/177**

### Ansvaret

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Dette vedtaket inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eirik Berntsen  
saksbehandler

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 41	5914	ISDALSTØ
Norconsult AS			
Statens vegvesen Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Union Eiendomskapital AS v/Are Duus Carlsen	Bolette Brygge 1	0121	OSLO

### Mottakarar:

Norconsult AS, VA-seksjonen	Postboks 1199	5811	BERGEN
-----------------------------	---------------	------	--------